



**Møteprotokoll  
for  
Formannskapet**

**Møtedato:** 06.05.2020

**Møtestad:** Osterøy rådhus - fjernmøte

**Møtetid:** kl. 13:00 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordførar
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordførar
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Johannes Myklebust Bysheim	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Berit Moslett Borge	H	Innom som vara for J.M. Bysheim, AP, i sak 032/20
Henrik Øksnes	FRP	Vara for Ellinor t. Birkeland, FRP

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen, leiar for pol.-adm. sekretariat, rådgjevar  
pol.-adm. sekretariat, sektorleiar for samfunnsutvikling og innleidt ingeniør (møtte i sak 032  
og 033)

---

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
027/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/20	Godkjenning av møtebok
029/20	Rekneskap pr. 31. mars - rapport
030/20	Tilbod på analyse av organisasjon, effektivitet og økonomi - oppsummering
031/20	Første gongs handsaming - Plansak 46302015001 - Områderegulering Lonevåg - Lonevåg - Hatland
032/20	Sal av skulebygg i Mjøsdalen til Hosanger Montessoriskule
033/20	Utgreiing av erverv av eide dom til samlokalisering av tenester
034/20	Mjøsvågen Landhandleri AS - søknad om utviding av skjenkeareal på uteservering
035/20	Kulturprisen 2019 - Ikke offentleg sak jf. off.l. § 26, 2. ledd

## **027/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Ordføraren viste til at siste sak, sak 035 er unntaket offentlegheit, jf. off.l. § 26, 2. ledd, så ved handsaminga av denne vil møtet bli lukka.

-----  
*Endring av saksrekkjefølgja:*

Ordførar gjorde slikt framlegg: "Sak 032/20 og 033/20, jf. sakslista, vert handsama etter sak 028/20 av omsyn til at kons. Eirik Milde er tilstades for å informere om desse sakene.

-----  
Henrik Øksnes, FRP, informerer om at sakslista ikkje vart publisert rett i forkant av møtet. Meinar at dette er uheldig då sakene inneheldt viktig informasjon for offentlegheita.

-----  
Tone Mjelde, SV, varsla om at ho har sendt inn to spørsmål i forkant av møtet om arbeidsvilkår for tilsette i kommunen.

-----  
**Ordføraren sitt framlegg om endring av rekkjefølgje i sakslista vert samråystes godkjent**

-----  
Innkalling og saksliste vart etter dette godkjend med slik endring i saksrekkjefølgja som vedteke i møtet.

### **FS - 027/20 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent med slik endring i saksrekkjefølgje som vedteke i møtet.**

## **028/20: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå vert godkjend.**

### **06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Ingen kommentarar

**Avrøyting:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 028/20 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 15.04.20 vert godkjend.**

---

*(Sak vert flytta tidlegare i møtet jf. vedtak i 027/20)*

## **033/20: Utgreiing av erverv av eigedom til samlokalisering av tenester**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr 4/100 som tomt/bygg for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.
2. Kostnadsramma for prosjektet vert sett til kr 40 650 000,- ekskl mva.»

### **06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Eirik Milde, innleidt konsulent i saka, fekk før handsaminga høve til å presentera saka. Det vert også lagt fram dokument "Samanlikning tomtepris Oddalsmyr, ON, Hagebø" i møtet.

Framlegg til vedtak foreslått av: Hjalti H. Gislason, Høyre:

«Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr 4/122 og 4/143 (tomt K5 og K6 i plannr. 125320070100 «Oddalsmyra næringspark») som tomt for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.

Grunngjeving:

- desse er allereie regulert til offentleg areal og ein slepp prosess med omregulering/dispensasjon
- avstand til Osterøyutnet vert i kjøretid under 2 minutt
- viktig direkte påkobling til hovudfartsåre og eit vidare trafikksystem for ambulanse
- gode moglegheiter for bygg som er skreddarsydd for føremålet
- treng ikkje å ta omsyn til bumiljømiljø, sentrumsformål og interntrafikk på Hauge

- skåner ei god næringstomt på Hauge som er sentralt lokalisert og nær inn på andre bedrifter
- stort nok areal på om lag 9 mål til alle skildra behov
- nybygg vil utsetja full finansieringsbelastning til bygget står ferdig.”

Framlegg foreslått av: Henrik Øksnes, FRP:

«Saka vert oversendt heradstyret utan innstilling. Det vert arrangert synfaring på områda før heradstyremøtet. Helst med heile heradstyret, alternativt med formannskap og representantar frå parti som ikkje møter der. Det vert innhenta skriftleg uttale om alle eigedomane frå Osterøy brannvern og Helse Bergen samt andre aktuelle leigetakrar.”

**Avrøysting:**

FRP sitt framlegg - om ingen innstilling i saka - fall med 7 røyster (2SP, 2AP, 1H, 1SV, 1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

---

**Alternativ avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg mot Hjalti H. Gislason, Høyre, sitt framlegg vert avrøysta slik:

Rådmannen sitt framlegg:	5 røyster (2SP, 2AP, 1SV)
Hjalti H. Gislason, Høyre, sitt framlegg:	4 røyster (2FRP, 1H, 1KRF)

Formannskapet slutta seg til å ha synfaring for gruppeleiarane før heradsstyret si handsaming.

**FS - 033/20 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Osterøy kommune kjøper Gnr/Bnr4/100 som tomt/bygg for samlokalisering av brann, ambulanse og tekniske tenester.**
  2. **Kostnadsramma for prosjektet vert sett til kr 40 650 000,- ekskl mva.»**
- 

*(Sak vert flytta tidlegare i møtet jf. vedtak i 027/20)*

**032/20: Sal av skulebygg i Mjøsdalen til Hosanger Montessoriskule**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**«Alt. 1:**

**Osterøy kommune avsluttar leigeforholdet til Stiftinga Hosanger Montessoriskule skuleåret 20/21, Mjøsdalen barnehage vert flytta inn i skulebygget og barnehagebygget vert rive.**

**Alt. 2:**

Rådmannen får fullmakt til å selja Mjøsdalen skule til Stiftinga Hosanger Montessoriskule.  
Mjøsdalen barnehage vert lagt ned og 18 barn/plassar må overførast til andre barnehagar.»

**06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak foreslått av: Hjalti Heimir Gislason, Høyre:

Rådmannen får fullmakt til å selja Mjøsdalen skule til Stiftinga Hosanger Montessoriskule. Mjøsdalen barnehage vert flytta eller lagt ned så fort som mogleg etter at bygget er selt.

Framlegg til vedtak foreslått av: Jarle Skeidsvoll, KRF:

Osterøy kommune sel gamle Mjøsdalen skule til Stiftinga Hosanger Montessoriskule etter same modell som ved sala av skulane på Hamre og i Hjellvik. Salet skal omfatte avtale om pliktar og rettar til uteareal som i dag vert delt mellom skulen, barnehagen og frivillige organisasjonar, samt leigetilhøve for barnehagen. Området vert regulert om frå LNF til tenleg føremål i samband med den kommande rulleringa av arealdelen av kommuneplanen i Osterøy.

Framlegg foreslått av: Henrik Øksnes, FRP:

Saka vert utsett. Salg av bygget vert utsett inntil plan for framtidig barnehageutbygging føreligg. Leieforholdet til Hosanger Montessoriskule vert utvida med 2 år

---

Johannes M. Bysheim, AP: Eg vil reise spørsmål om gildskap. Eg har nær familie som jobbare på skulen og som sitt som vara i styret. Berit M Borge, Høyre, tilrer som vara i saka - 9 medlemmar til stades.

**Avrøysting gildskap:**

Røysta gild, 8 (2SP,2H,1AP,1SV,2FRP) røyster mot 1 røyst (KRF).

Grunngjeving:

Formannskapet fann at det ikke låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a – e. Ein fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer at han må kjennast ugild etter same lov, 2. ledd: "Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til."

---

Johannes M. Bysheim, AP, kom tilbake til møtet. Berit M. Borge, H, forlet møtet – 9 medlemmer/varamedlemmer til stades.

---

**Avrøyting utsetjing:**

Framlegg frå FRP om å utsetje saka fall med 7 røyster (2SP, 2AP, 1H, 1SV, 1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

---

Ordførar: Eg trekkjer alternativ 2 til rådmann, då står det igjen 3 framlegg til vedtak - vi begynner med avrøyting av det mest ytterleggåande av dei 3: Rådmann sitt alternativ nr. 1

---

**Avrøyting:**

Rådmannen sitt framlegg alt. nr. 1 - tilrådd med 5 røyster (2SP, 2AP, 1SV) mot 4 røyster (H1, 2FRP, 1KRF)

Grunna tilråding av rådmanns framlegg vert ikkje dei andre framlegga tekne opp til avrøyting.

**FS - 032/20 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Alt. 1:

**Osterøy kommune avsluttar leigeforholdet til Stiftinga Hosanger Montessoriskule skuleåret 20/21, Mjøsdalen barnehage vert flytta inn i skulebygget og barnehagebygget vert rive.**

---

**029/20: Rekneskap pr. 31. mars - rapport**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Rekneskapsrapport pr. 31. mars vert teken til vitande.»

**06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Det vert høve til å stille spørsmål til saka.

**Avrøyting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samråystes vedteke

**FS - 029/20 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Rekneskapsrapport pr. 31. mars vert teken til vitande.»

---

## **030/20: Tilbod på analyse av organisasjon, effektivitet og økonomi - oppsummering**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:** Formannskapet vedtek å akseptere tilbod frå Telemarksforskning.

## **06.05.2020 FORMANNSKAPET**

Henrik Øksnes, FRP: Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med følgande tillegg.:  
Tilleggspakke som tilbuddt frå Telemarksforskning vert og bestilt. Intervju må og gjelde politikarar frå alle parti.

### **Avrøyting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samråystes vedteke.

Henrik Øksnes, FRP, sitt framlegg - falt med 6 røyster (2SP, 2AP, 1SV, 1KRF) mot 3 (1 H, 2 FRP) røyster

### **FS - 030/20 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:** Formannskapet vedtek å akseptere tilbod frå Telemarksforskning.

---

## **031/20: Første gongs handsaming - Plansak 46302015001 - Områderegulering Lonevåg - Lonevåg - Hatland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. **Framlegg til regulering av områderegulering Lonevåg- Hatland planID 46302015001 med føresegner dagsett 29.04.20, plankart dagsett 29.04.20 og planskildring dagsett 29.04.20 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 10-12.**
2. **Osterøy kommune vedtek oppstart av prosess for oppheving av fylgjande reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-14. Desse skal i si heilheit opphevast og erstattast av områdeplan Lonevåg når denne vert vedteken:**

1253 2011 005	Mindre reguleringsendring FV 567 Kryss til Kårvika – Lonevåg
1253 2009 002	Mindre reguleringsendring – Fugledalen – Fotballbane – Lonevåg
1253 2008 1300	Reguleringsendring Lonevåg sentrum, Gnr. 13, Bnr. 86 og 25 mfl.
1253 2008 500	Reguleringsendring, Neset gnr. 13 bnr. 223, 170, 171 – Lonevåg
1253 2008 400	Reguleringsplan Osterøy VGS - Hatland
1253 2006 0800	Reguleringsplan Fotballbane Fugledalen – Lonevåg
12.10.05	Dalabakken, Lonevåg – bustad
26.10.05	Utbyggingsplan for Solplassen- Lonevåg Gbnr 14

	bnr 69,76,134,220 og 234
1253 504_70	Reguleringsplan FV Hauge- Lonevåg
1253 504_69	Hoggje bustadfelt, Hatland
	1253 504_67 Rv 566 Hp.64 Rolland –Hauge- Hannisdalen
	bussløyfe i arm til Lonevåg
1253 504_61	Rymledalen tomtefelt (Rymleheia), Hatland
1253 504_54b	K. Lerøy Metallindustri A/S – Lonevåg sentrum
1253 504_54a	Lonevåg sentrum
1253 504_51_1	Lonevåg – Hatland endring
1253 504_51	Lonevåg – Hatland
1253 504_43	Ramberget, Lonevåg
1253 504_29	Reg. endr. Sjukeheimstomta – Hatland
	1253 504_7 Fossen, Lonevåg med endringar gjort i Heradsstyret
	14.10.98, 25.10.06 og endring i Natur 20.06.01.
01.06.66	Lonevåg (restareal Kårvika)
06.03.56	Reguleringsplan for Lonevåg

3. **Reguleringsplan Fugledalen bustad planID 12532012001 og mindre reguleringsendring FV 567 Hauge- Lonevåg vert delvis erstatta og oppheva ved vedtak av områdeplan Lonevåg med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 12-14.**

## 06.05.2020 FORMANNSKAPET

Henrik Øksnes, FRP, hadde ein merknad til saka om at dei meiner at rekkjefølgjekrava i planen ikkje må vere så omfattande at dei hemmer utvikling. Fryktar at Lonevåg ikkje blir videreutvikla.

### Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert samråystes vedteke

### FS - 031/20 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Framlegg til regulering av områderegulering Lonevåg- Hatland planID 46302015001 med føresegner dagsett 29.04.20, plankart dagsett 29.04.20 og planskildring dagsett 29.04.20 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 10-12.**
2. **Osterøy kommune vedtek oppstart av prosess for oppheving av fylgjande reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-14. Desse skal i si heilheit opphevast og erstattast av områdeplan Lonevåg når denne vert vedteken:**

1253 2011 005	Mindre reguleringsendring FV 567 Kryss til Kårvika – Lonevåg
1253 2009 002	Mindre reguleringsendring – Fugledalen – Fotballbane – Lonevåg
1253 2008 1300	Reguleringsendring Lonevåg sentrum, Gnr. 13, Bnr. 86 og 25 mfl.
1253 2008 500	Reguleringsendring, Neseit gnr. 13 bnr. 223, 170, 171 – Lonevåg
1253 2008 400	Reguleringsplan Osterøy VGS - Hatland
1253 2006 0800	Reguleringsplan Fotballbane Fugledalen – Lonevåg
12.10.05	Dalabakken, Lonevåg – bustad
26.10.05	Utbyggingsplan for Solplassen- Lonevåg Gnr 14 bnr

	69,76,134,220 og 234
1253 504_70	Reguleringsplan FV Hauge- Lonevåg
1253 504_69	Hoggje bustadfelt, Hatland
	1253 504_67 Rv 566 Hp.64 Rolland –Hauge- Hannisdalen bussløyfe i arm til Lonevåg
1253 504_61	Rymledalen tomtfelt (Rymleheia), Hatland
1253 504_54b	K. Lerøy Metallindustri A/S – Lonevåg sentrum
1253 504_54a	Lonevåg sentrum
1253 504_51_1	Lonevåg – Hatland endring
1253 504_51	Lonevåg – Hatland
1253 504_43	Ramberget, Lonevåg
1253 504_29	Reg. endr. Sjukeheimstomta – Hatland
	1253 504_7 Fossen, Lonevåg med endringar gjort i Heradsstyret 14.10.98, 25.10.06 og endring i Natur 20.06.01.
01.06.66	Lonevåg (restareal Kårvika)
06.03.56	Reguleringsplan for Lonevåg

3. **Reguleringsplan Fugledalen bustad planID 12532012001 og mindre reguleringsendring FV 567 Hauge- Lonevåg vert delvis erstatta og oppheva ved vedtak av områdeplan Lonevåg med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 12-14.**
- 

### 034/20: Mjøsvågen Landhandleri AS - søknad om utviding av skjenkeareal på uteservering

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: «Søknad om utviding av skjenke- og serveringsareal til 70 kvm ved Mjøsvågen Landhandleri AS vert innvilga slik det går fram av vedlagt skisse over uteområdet. Talet på godkjende sitjeplassar vert etter utvidinga auka til 60. Tidlegare fastsette vilkår for løyvet gjeld som før. Utvidinga av skjenkearealet gjeld frå 29. mai d.å.»

### 06.05.2020 FORMANNSKAPET

**Avrøysting:**

Samrøystes vedteke.

### FS - 034/20 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: «Søknad om utviding av skjenke- og serveringsareal til 70 kvm ved Mjøsvågen Landhandleri AS vert innvilga slik det går fram av vedlagt skisse over uteområdet. Talet på godkjende sitjeplassar vert etter utvidinga auka til 60. Tidlegare fastsette vilkår for løyvet gjeld som før. Utvidinga av skjenkearealet gjeld frå 29. mai d.å.»

---

## **035/20: Kulturprisen 2019**

**Sak 035/20 vart handsama i lukka møte jf. kommunelova §11-4 og §11-5, og vart unnateke offentlegheit jf. off.l. § 26, 2. ledd.**

---

### **Andre saker/spørsmål**

Tone Mjelde, SV, satte fram spørsmål om arbeidsvilkår for tilsette i reinhaldstenesta i slutten av møtet.

Rådmannen gav slikt svar: Kommunen bruker dei arbeidstidsordningane som KS har opna for i denne situasjonen, og kommunen har daglege møter med dei tillitsvalte og har god dialog der. Generelt må spørsmål knytt til arbeidstilhøve takast tenesteveg. Formannskapet er Formannskapet er ikkje rett forum for denne type spørsmål.

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Tone Mjelde og Henrik Øksnes

---

Lonevåg 11.05.20

Runar Ludvigsen  
Utvalssekretær